



Bjørn Olav Tveit klargjer Martin Yri Røssland for travers-ferd. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fjellandsbø og Fjellandsbøvatnet befestar for kvart år sitt ry som eldorado og valfartsstad for friluftsliv- og naturglade uskedelingar og andre.

Denne gongen var 200 i området tiltross for vervarsla var lite lovande og sundagen vart stadig våtare. Arrangementet vara i fire timar og folket heldt ut!



-- -og så ber det avgarde! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Turlag og andre lokka også dette året med mange aktivitetar og leiar Anne Karin Enes og medhjelparar må rosast for eit nytt, godt arrangement..

Det var 120 betalande og i tillegg kom arrangørstaben og dei nesten 50 deltakarane i indianarleiren. Den starta laurdag og gjekk over i sundagens arrangement. Indianarane hadde ei roleg natt utan at nokon prøvde på å angripa dei!



Inn etter frisk kanotur på Fjellandsbøvatnet: Siv Framnes, Andreas Bru Sele, Nils Robin Bru Sele og Eva Britt Bru Sele. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein nyheit av året som bokstaveleg tala vart eit blinkskot var Omvikdalen Skyttarlags stand – eller rettare sagt standplass. Leiar Anna K. Hellevang stilte opp med sin solid stab bestående av Hans Ølver Sandvik, Steinar Omvik, Sigmund Hjelmeland, Torstein Omvik og Håvard S. Eik og rundt rekna 40 unge og litt eldre fekk prøva seg.!

Fleire av indianarane frå leiren let seg frista til å skifta frå pil og boge til kaliber 22 og skiftet var tydelegvis svært vellukka for fleire. Kanskje sikra skyttarlaget seg nye rekruttar ved dette høvet.

Atskillige tok seg også ein frisk tur i dei nye og flotte kanoane som arrangørane hadde fått låna av kommunen og som vart gjeve i gåve frå Friluftsrådet. Det var Lauvsprett 4 H frå Omvikdalen som stod for dette innslaget. Ein annan 4 H-klubb, Solglimt frå Åkra, var ansvarleg for naturstien og Sportsfiskaren var som i fjor på plass og gav nyttige fisketips.

Tyrolartravers har vorte ein klassikar under desse friluftsdagane og både unge og eldre stod i kø for å få seg ein luftetur i regi av turgruppa i Uskedalen idrettslag. Som i fjor var traversen montert nedanfor tunet på Fjellandsbø. Det går fram av namnet at han er utvikla i alpetraktene, men på våre kantar av verda vil vi heller kalla han noko så enkelt som løypestreng. Det er ein velkjend konstruksjon for bratte Vestlandsbakkar!

Slike arrangement som det ved Fjellandsbøvatnet er viktige både frå ein pedagogisk og sosial synsstad. Både unge og eldre lærar kva dei kan nytta naturen til og så får dei vera saman i ei anna ramme enn den vanlege og ofte trivielle!

Av Ola Matti Mathisen



Madelen Hauge Solbakk (7) var ein av indianarane som skifta frå pil og boge til kaliber 22. Det hadde skyttarlagsleiar og instruktør Anna K. Hellevang ikkje det minste mot! Madelen bur på Karmøy og er på ferie i Kvinnherad. (Foto: Ola Matti Mathisen)